

**Tilknytnings- og nettleigeavtale for  
plusskunder i lavspenningsnettet  
mellom  
Hallingdal Kraftnett AS (Nettselskapet)  
og  
NN (Innmatingskunden)**

**1.**

Denne avtala regulerar forholdet mellom innmatingskunde og netteigar der kunden ynskjer å installera utstyr for produksjon av kraft med effekt opp til 25 kW ved bruk av solceller eller vindkraft.

Denne avtala kjem i tillegg til «Standard avtale for tilknytning og nettleie»

**2. Eigargrensesnitt**

Dersom ikkje anna er skriftleg avtalt går eigargrensesnittet i målarpunktet, der Nettselskapet eig og har ansvaret for målarutrustninga.

**3. Tekniske forhold**

Den kraft som vert mata inn på Nettselskapets nett skal overhalde dei til ei kvar tid gjeldande krav til spenning og effektflyt som følgjer av FOR-2004-11-30-1557: «Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet» (Sjå kapittel 3 - Krav til leveringspålitelighet og spenningskvalitet.) For tekniske spesifikasjoner gjeld krav gitt i REN-standard 0342 «Tilknytnings- og nettleigeavtale for innmatningskunder i lavspenningsnettet – tekniske funksjonskrav»

Utstyret skal være CE-godkjent. S sammensatte einingar skal tilsvarande være CE-godkjente. Før anlegget vert kopl til nettet må ein installatør skriva ei samsvarserklæring for anlegget.

Dersom anlegget fører til forstyrningar i nettspenninga slik at Nettselskapet ikkje oppfyller kravet til leveringskvalitet, kan Nettselskapet påleggja Innmatingskunden å retta opp i forholdet. Evt. kostnader med dette må dekkast av Innmatningskunden. Dersom Innmatningskunden ikkje får orden på forholdet kan Nettselskapet kopl i frå anlegget utan at det kan rettast noko erstatningskrav mot Nettselskapet, for t.d. tapt produksjon.

For å hindra at anlegget bidreg med uønska spenning ut i nettet skal Innmatningskunden sørga for at anlegget automatisk blir kopl frå nettet ved spenningsbortfall.

Alle PV-enheter skal være utformet på en slik måte at innmating ved øydrift ikke kan forekomme. Ved øydrift skal PV-enheten frakobles innen 0,5s.

**4. Forsterking og anleggsbidrag**

Dersom tilkopling av anlegget utløyser behov for forsterkingar i distribusjonsnettet, vil Nettselskapet forbeholda seg retten til å krevja inn anleggsbidrag i samsvar med NVE sine reglar for anleggsbidrag.

## 5. Tariffering og oppgjør

### Nettleige:

	Nettleige forbruk	Nettleige innmating
Fastledd	Som ordinær nettleige	kr 0,-
Energipris	Som ordinær nettleige	*)

\*)  $Redusert\ nettleie[kr] = Levert\ energimengde[kWh] \times spotpris[\frac{kr}{kWh}] \times tap[\%]$

### Kraft:

HKN tilbyr seg å kjøpe krafta til spotpris -1 øre/kWh

Prisane vil kunna bli endra.

## 6. Mislighold

Avtaleforholdet kan hevast dersom det føreligg vesentleg mislighald.

## 7. Erstatning, skadar og tap

Alle kostnader, herunder KILE-kostnader som Nettselskapet vert påført som følge av av brudd som skuldast feil i Innmatingskundens utstyr skal dekkast av Innmatingskunden.

Ein part er ansvarleg for skade og tap som uaktsomt vert påført den anndre part innanfor dei til eikvar tid gjeldande erstatningsrettslige prinsipp.

Partane er kun ansvarleg for direkte skade og tap.

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skade eller tap, korkje direkte eller indirekte, som oppstår hjå Innmatingskunden ved rettmessig utkobling og eventuell gjeninnkobling.

## 8. Tvistar, oppseiing og varigheit

Tvistar om tariffens utforming, beregningsmåte og pris kan påklagast til NVE.

Tvistar om tekniske forhold kan påklagast til DSB.

Tvistar rundt Avtaleforholdet skal, dersom ikkje ein av partane ønskjer å ta saka inn for dei ordinære domstolar, avgjerast ved voldgift.

Avtaleforholdet kan seiast opp av begge partar, med 6 månaders skriftleg varsel, innanfor det til ei kvar gjeldande offentligrettslige regelverk.

Stad/dato\_\_\_\_\_